



Forvaltningskomiteen på synfaring i fjor haust av det området som det då vart peika på som aktuelt for husbyggjing. No går rådmannen inn at huset blir trekt opp i tunet.

Viss politikarane og høgare instansar er samde med rådmannen, får Tor Ove Rød i Uskedalen grønt ljøs for å byggja hus nummer to på eigedommen sin. Rådmannen går inn for det og saka skal opp i forvaltningskomiteen onsdag i neste veke. Men rådmannen set to vilkår.

Vilkår nummer ein er at tunet vert trekt opp i tunet på bruket slik at ein unngår byggjing i strandsona og slik at huset blir ein integrert del av tunet.

Vilkår nummer to er at det vert gjeve løyve etter forurensingslova.

Rådmannen går også inn for at det vert gjeve løyve til flytting av avkjørsel og veg på bruket i samsvar med søknad og løyve frå vegvesenet. Han meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det er særlege grunnar til dispensasjon.

Denne saka har vore oppe i forvaltningskomiteen to gonger. Først vart det avslag og etter klage og synfaring vart det gjeve løyve på vilkår av at høyringsinstansane ikkje hadde merknader. Men no har miljøvernavdelinga til Fylkesmannen uttala at dispensasjon i denne saka vil føre til at regionale eller nasjonale verdier vert råka. Difor går avdelinga i mot dispensasjon og kan ikkje se at det føreligg særlege grunnar.

Avdelinga minnar om at det tidlegare er delt frå fleire tomter i eit lite felt ein annen stad på eigedomen. I nærleiken av desse er ein mykje betre plassering av eit eventuelt hus nummer to på bruket, meiner også miljøvernavdelinga.

Men avdelinga har då teke utgangspunkt i at huset som Rød vil byggja blir liggjande innanfor 100-metersbeltet langs sjøen og at det vil vera i strid med den generelle byggje- og deleforbodet i plan- og bygningslova.

Det område som har vore aktuelt så langt er registrert som ikkje dyrkbar overflatedyrka jord, medan det rett ovanfor og på naboareala er det fulldyrka, mindre lettbrukt jord

Fylkesmannen skal ha det endelege vedtaket til klagevurdering dersom det vert gjeve løyve til dispensasjon.

Som særlege grunner for å byggje nytt hus på bruket held administrasjonen i kommunen fram at det gamle huset ligg for tett i riksvegen og at det er fare for setningsskader på grunnmur og fundament.

Av Ola Matti Mathisen



Tor Ove Rød ventar i spenning – får han byggja hus nummer to på eigedomen? (Foto: Ola Matti Mathisen)